

Side, Kråke og Mula

Teig- og naturnamn som er utvikla av oblik kasusform

Av Inge Særheim

Namn och bygd 102 (2014), 83–89.

Inge Særheim, Department of Cultural Studies and Languages, University of Stavanger: *Side, Kråke* and *Mula*: Field names and topographical names developed from an oblique case.

Abstract

Names reflecting an oblique case are found as field names and topographical names in south-western Norway, e.g. *Side* (< ON **Síðu*, from ON *síða* f. ‘side’), denoting fields, and *Mula* (< ON **Múla*, from ON *múli* m. ‘muzzle’), denoting headlands. These forms were ‘frozen’ before around 1500, when the case system was still in use in this area. From late medieval times, the definite form became common in Norwegian place-names, especially in uncompounded names, e.g. the field name *Sida* and the topographical name *Mulen*.

Keywords: place-names, field names, topographical names, oblique case, definite form, south-western Norway.

1. Oblik kasus i gardsnamn og andre stadnamn

Det er velkjent at mange usamansette gardsnamn har ei form som reflekterer oblik kasus (dvs. ei anna kasusform enn nominativ) i gammalnorsk, t.d. dei sørvestnorske *Bakka*, *Haga*, *Hana*, *Tunge*, *Helle* og *Brekke*, utvikla av gno. *Bakka*, *Haga*, *Hana*, **Tungu*, **Hellu* og *Brekku* (Indrebø 1926). Formene i nominativ er gno. *Bakki* m., *Hagi* m., *Hani* m., **Tunga* f., **Hella* f. og *Brekka* f. Ifølgje Gustav Indrebø (1926 s. 73, 76) er det ein regel at gardsnamn i eintal av både lint hankjønn og lint hokjønn på Sørvestlandet går attende på oblik kasus når namna har halde seg i ubestemt form. Vanlege i heile landet er gardsnamn som *Lunde*, *Hauge* og *Åse*, utvikla av dativforma, gno. *Lundi*, *Haugi* og *Ási*, svarande til nominativ *Lundr*, *Haugr* og *Áss*. Ein kan rekna med at slike namn i ubestemt form miste kasusbøyinga i seinmellomalderen, då den oblike kasusforma feste seg – altså stivna. Stadnamn i bestemt form har, som kjent, innanfor området med levande dativbruk halde på dativforma etter visse preposisjonar like til vår tid. Dette området omfattar ikkje den sørlege delen av Sørvest-Noreg. Indrebø (1926 s. 71–102) har gjeve eit oversyn over gardsnamn som er utvikla av oblik kasus.

Også blant teignamna og naturnamna finst det døme på former som går attende på oblik kasusform, t.d. teignamnet *Side* (*Sie*), skjernamna *Kråke* og *Ok-sa*, nesnamna *Mula* og *Odda* og fjellnamna *Natta* og *Hobda* (*Hovda*), alle frå

Sørvest-Noreg. Slike namn må vera laga medan kasussystemet var i bruk i dette området, så det er difor grunn til å rekna med at dei går attende til mellomalderen. Det synest ikkje rimeleg at slike former er utvikla av ubestemt form fleirtal, t.d. **Sider*, **Kråker*, **Oksar*, **Mular*, sjølv om det lydhistorisk sett ville vera mogleg.

At stadnamn er utvikla av oblik kasusform, er heilt naturleg. Ein kan rekna med at namna i gammalnorsk svært ofte vart nytta i andre former enn nominativ, t.d. i regelen dativ etter preposisjonar der ein gav uttrykk for ‘påstad’ eller ‘fråstad’. Per Hovda (1944 s. 21) gjev døme på at naturnamn ofte er nytta i preposisjonsuttrykk: «inne ved Mula, ute ved Mula».

2. Teignamnet *Side*

Side (*Sie*) /^hsi:e/ er registrert som teignamn to stader i Jær-kommunen Time, nemleg på matrikelgardane Stora Undheim og Time. På den sistnemnde staden er namnet nytta om eit dyrka jorde (ei sidlendt mark) som ligg ned til ein bekk. Same namnet, uttala /^hsi:e/, finst også i Årdal (no Hjelmeland kommune) i Ryfylke, nytta om eit gardsbruk og ei dyrka mark på garden Vadla. Dette bruksnamnet er bakgrunn for eit likelydande etternamn med skrivemåten *Sie*. Også denne staden ligg ned til ein bekk, nemleg *Sidebekken* (*Sie-*). Det er mykje vassig i dette området.

Namnet *Side* (*Sie*) /^hsi:e/ finn ein elles som namn på ein matrikelgard i Hafslo, Sogn og Fjordane. Det er skrive *Sæbye* 1611 og *Sie* 1666 og 1723; den eldste skrivemåten er klart misvisande i høve til nedarva lokaluttale og namneopphav. Namnet er i NG 12 (s. 44) tolka til gno. *síða* f. ‘side’. Garden ligg oppe på Fevollsfjellet.

Teignamnet *Side* er etter alt å døma utvikla av gno. **Síðu*, oblik kasusform av gno. *síða* f. ‘side’, med bakgrunn i at dei nemnde jordstykkja ligg ned til vatn, i desse høva ei mindre vassføring, altså marka ved sida av bekken. Ordet *side* f. ligg føre i fleire stadnamn (Særheim 2007 s. 198). Bestemt form *Sida* /^hsi:â/ er t.d. nytta om ei rett strekning i elva Hååna (i Hå), medan *Nordsida* er eit jordstykke nord på garden Vasshus (i Klepp).

3. Skjernamna *Kråge*, *Kråke*, *Oksa* mfl.

Fleire stader i Sør-Rogaland finn ein skjer- og holmenamnet *Kråge* /^hkrå:ge/, bl.a. nytta om ein holme langt ute i sjøen i Randaberg (mellom Kvitsøy og Randaberg), og om holmar like ved båthamna på gardane Hellestø og Ølberg i Sola (Særheim 1978 s. 145; jf. fig. 1). Namneforma *Kråke* /^hkrå:ke/ førekjem



Fig. 1. Skjeret Kråge på Hellestø. Foto: Inge Særheim.

dessutan fleire stader i Nord-Rogaland, bl.a. på Kårstø (Tysvær) og i Skjold (Vindafjord). På den sistnemnde staden finn ein både *Storakråke* og *Litlakråke*. Bestemt form *Kråka* og *Kråga* er elles nytta om skjer og holmar fleire stader langs norskekysten. Frå Ryfylke kan nemnast *Kråga* /"krå:gå/ mellom øyane Fogn og Byre (Finnøy), ved Kleppholmen (Hjelmeland), sør for Vestra Bokn og nord for Vestra Bokn. Same namnet er nytta om eit skjer nær land i Gandsfjorden (Stavanger).

Namna *Kråge* og *Kråke* er utvikla av oblik kasus, gno. **Kráku*, av fuglenemnet gno. *kráka* f. 'kråke'. Real bakgrunn for desse namna kan vera den mørke, grå-svarte fargen til slike holmar, skjer og steinar, ev. at dette har vore faste tilhaldsstader for kråker. Hovda (1941 s. 19) peikar på at kråka i folketrua har vorte rekna for ein ulukkesfugl, og at det kan vera tabuførestillingar knytte til slike namn og stader, noko som tidlegare er føreslått av Svale Solheim (1940 s. 89–90).

Fleire stader i Ryfylke er namnet *Oksa* /"åksa/ nytta om skjer og grunnar (Hovda 1941 s. 8), t.d. om ein grunne i sjøområdet ved Foldøy i Jelsa (no Suldal kommune), også kalla *Foldøyoksa*, om ein taresloe i sjøområdet mellom Kyrkjøyna og Bjergøyna i Sjernarøyane (no Finnøy kommune), og om ein skarp bergskolt på vestsida av Fjellberg på Fogn (Finnøy kommune). Nemnast kan elles skjeret *Oksafoten* (også kalla *Oksen*) i skipsleia like nord for Tananger i Sola. Alle desse stadene ligg ulagleg til for båtferdsla. Namneforma *Oksa*

går attende på oblik kasus, gno. **Oxa*, av gno. *oxi* m. ‘okse, stut’. Slike namn har truleg samband med at desse stadene er farlege for båtferdsla, og at båtførarar må visa aktsemd på stadene.

Namnet *Oske* /"áske/, nytta om ein grunne og fiskeplass utanfor Kolnes (Sola), kan tolkast som gno. **Aska* f. Grunnlag for den noverande namneforma vil i så fall vera oblik kasus, gno. **Qsku*. Manglande palatalisering av *k*-en tyder på at namnet ikkje går attende på ei form som i gammalnorsk enda på *-i*, men *-u* høver med lydutviklinga i målføret. Namnet kan tolkast til gno. *aska* f. ‘oske’, som kanskje siktar til mørk farge, t.d. steingrunn med tarevekst i eit område med sandbotn, jf. namn som *Flekkane*, nytta om steingrunnar med tarevekst omgjevne av sandbotn (Særheim 1978 s. 130).

4. Naturnamna *Mula*, *Hidle*, *Odda*, *Hovda* mfl.

Namnet *Mula* /"mu:la/ er nytta om eit høgt, breitt nes på sørsida av innlaupet til Jøsenfjorden. Neset liknar, ifølgje Hovda (1941 s. 20), på «nosi på ein rungvêr». Same namnet og namneforma er nytta om eit muleliknande nes i Vindafjord (Særheim 2007 s. 163). Frå Lysefjorden kan elles nemnast gardsnamnet *Mulen*, som har bakgrunn i eit framstikkande breitt og høgt nes, og frå Høgsfjord *Våmulen*. Namneforma *Mula* er oblik kasus, gno. **Múla*, av gno. *múli* m. ‘mule, munn, overleppe på dyr’. Bakgrunnen for slike namn er forma til nesa, som er jamført med ein mule. Tilsvarande namngjeving finst andre stader i Norden, bl.a. på Island og Færøyane.

Ein flat bergpynt som stikk langt ut i Randbergsbukta, er kalla *Hidle* /"hidle/ (jf. fig. 2). Namnet er truleg utvikla av oblik kasus gno. **Hellu*, av gno. *hella* f. ‘berg, helle, flat stein’ (Særheim 1978 s. 74). Dette ordet, som førekjem i ei rekkje stadnamn, har uttalen /"hedla/ i jærmålet, medan det skylde *heller* m. (gno. *hellir* m. ‘heller, berghole’) vert uttala /"hidler/. Øynamnet *Hidle* /"hidle/, som førekjem to stader i Ryfylke (Strand og Finnøy), skrivne i *Hile* 1390, er tolka som gno. **Hilla* f., avleidd til gno. *hjallr* m. ‘hulle, terrasse’, svarande til nyno. *hille* f. ‘hulle’ (NG 10 s. 243, 305).

Fleire stader finn ein naturnamnet *Odda* /"áda/, bl.a. på garden Hovda på Randøy, brukt om nes og framspring i terrenget. Namnet går attende på oblik kasus gno. **Odda* av gno. *oddi* m. ‘nes, odde’. Også gardsnamnet *Hovda* /"hávda/ (i *Hofða* ca. 1280) er utvikla av oblik kasusform, nemleg av gno. *Hofði* (nominativ), laga til gno. *hofði* m. ‘hovde, framstikkande bergknause’. Eit tilsvarande *Hobda* (*Hovda*) finn ein som naturnamn på garden Haughom i Sirdal, der med nedervd målføreuttale /"hávda/, altså med differensiasjon gno. *fð* > /bd/ (Særheim 1992 s. 311). Frå Ølberg i Sola kan elles nemnast høgdenamnet *Natta* /"nata/, nytta om ein fjellknaus. Det synest reflektera oblik ka-



Fig. 2. Det flate bergframspringet Hidle i Randabergsbukta. Foto: Inge Særheim.

susform av eit ord som er skyldt gno. *knatti* m. ‘bergknaus, knatte’, jf. varianter som *nut/knut(e)*, *nubb(e)/knubb* mfl. (Særheim 2007 s. 165).

5. Samansette namn og namn i bestemt form

Også blant samansette stadnamn, bl.a. teignamn, finst det døme på at sisteledet synest gå attende på oblik kasus. Oblik form gno. *bakka* av gno. *bakki* m. ‘bakke’ er truleg sisteledd i *Langabakka* frå Øvra Håland i Time. Eit døme frå Steinsland i Sandeid (no Vindafjord) er *Slettabakka*. Frå matrikkelgarden Kleppe i Klepp kan nemnast *Haugabakka* /'hauabaka/ (Særheim 2007 s. 91). Indrebø (1926 s. 74, 77) gjev fleire døme på samansette gardsnamn frå Sørvestlandet der etterleddet er ubestemt form eintal av eit lint hankjønns- eller hokjønnsord, utvikla av oblik kasus.

Det finst også døme på namneformer som går attende på bestemt form dativ i gammalnorsk, t.d. *Karten* /'ka:rtən/, nytta om Karmøy (særleg om den nordre delen av øya). Denne forma går attende på bestemt form dativ, gno. *Kørmtinni*, av det gamle øynamnet gno. *Kørmt* (Hovda 1961 s. 296–297, Særheim 2007 s. 122). Eit anna døme er den lokale uttaleforma /'sto:ren/ for øynamnet *Stord*, gno. *Storð*, utvikla av dativforma gno. *Storðinni*.

6. Framvekst av bestemt form i stadnamna

Dei nemnde døma på teig- og naturnamn som er utvikla av oblik kasus, ligg som nemnt føre i ubestemt form (med unntak av /'ka:rtən/ og /'sto:rtən/). Med framveksten av bestemt form i substantiv vart det naturleg å nytta bestemt form i stadnamna, særleg i usamansette namn (Haslum 2003). I stadnamna skjeddde denne utviklinga hovudsakleg frå og med seinmellomalderen. Etter denne utviklinga er det ikkje naturleg at usamansette namn, t.d. lagingar med ord som *kråke* f., *okse* m., *mule* m., *odde* m. mfl. får ubestemt form. Ein vil i dag ikkje laga namn med former som **Kråke* /'krå:ka/, **Mule* /'mu:le/ eller **Okse* /'okse/. Dette vil bli oppfatta som feil og i strid med vanleg språkkjensle. Bestemt form er her ein klar regel (Haslum 2003), som vist med døme som *Kråka* /'krå:kå/, *Oksen* /'oksen/, *Mulen* /'mu:len/ og *Odden* /'åden/.

Litteratur

- Haslum, Vidar, 2003: Artikkelløse stedsnavn i norsk talespråk. En studie i onomastikk og dialektologi. Bergen.
- Hovda, Per, 1941: Okse, galt, hund og andre dyrenemne i skjernamn. I: Bergens museums årbok. (Hist.-antikv. rekke 7.) S. 3–16.
- 1944: Stadnamn frå sjøen i Austre-Ryfylke. I: MM. S. 1–115.
- 1961: Norske fiskeméd. Landsoversyn og to gamle médbøker. Oslo–Bergen. (Skrifter frå Norsk stadnamnarkiv 2.)
- Indrebø, Gustav, 1926: Kasus obliquus i norske stadnamn. I: MM. S. 71–102.
- Solheim, Svale, 1940: Nemningsfordomar ved fiske. Oslo.
- Særheim, Inge, 1978: Stadnamn frå sjøen på Jæren. Upublisert hovudfagsavhandling. Universitetet i Bergen.
- 1992: Sirdal. Namn og stader. Tonstad.
- 2007: Stadnamn i Rogaland. Bergen

Summary

Side, Kråke and Mula

Field names and topographical names developed from an oblique case

By Inge Særheim

Many farm names reflecting an oblique case in Old Norse are found in south-western Norway, e.g. *Bakka* (from ON *Bakka*, oblique case of ON *bakki* m. ‘hill, slope’) and *Brekke* (from ON *Brekku*, oblique case of ON *brekka* f. ‘steep slope’). Names reflecting an oblique case are also found among field names and topographical names; e.g. *Side* (ON **Síðu*, oblique case of ON *síða* f. ‘side’), denoting fields beside brooks;

Kråke (from ON **Kráku*, oblique case of ON *kráka* f. ‘crow’), denoting rocks in the sea; and *Mula* (from ON **Múla*, oblique case of ON *múli* m. ‘muzzle’), denoting headlands. These forms were probably ‘frozen’ before around 1500 AD, when the case system was still in use in this area. In Old Norse, place-names were often used in the dative, owing to their frequent occurrence after a preposition describing position from or in a location. In late medieval times, the definite form became common in place-names, especially in uncompounded names, e.g. the field name *Sida* and topographical names like *Kråka* and *Mulen*.